

Fiskeridirektoratet
postmottak@fiskeridir.no

SAK 21/2021
REGULERING AV FISKET ETTER LODDE I BARENTSHAVET I 2022
INNSPEL FRÅ PELAGISK FORENING

Pelagisk Forening meiner at det er gledeleg at Havforskningsinstituttet har gitt råd som opnar opp for fiska lodda i Barentshavet i 2022. Rådet er ein tac på 70 000 tonn. Noreg sin del av dette blir 41 950 tonn, jf. regjeringen.no

2018 var sist år det var fiske etter lodda i Barentshavet var norsk tac 122 500 tonn, jf. <https://www.fiskeridir.no/Yrkesfiske/Regelverk-og-reguleringer/J-meldinger/Utgatte-J-meldinger/J-31-2018>

Det synest såleis klart at norsk tac blir vesentleg mindre enn i 2018. Det var kvotebytte i 2018.

Pelagisk Forening meiner difor at det bør opnast opp for kvotebytte òg i 2022, når kvoten er vesentleg mindre enn sist det var kvotebytte.

Det bør difor opnast opp for kvotebytte i mellom lodda i Barentshavet og nordsjøisild, men det kan gjerne opnast opp for kvotebytte mellom lodda i Barentshavet, og lodda i IØS òg.

I 2018 var det ei prøveordning der ringnotfartøy fekk lov til å fiske lodde med trål innanfor 12 nautiske mil av grunnlinjene. Pelagisk Forening meiner òg at det bør vera like reglar for like redskapstypar, uavhengig av gruppetilhøyring. Som eit minimum bør prøveordninga fortsetja.

Tac for torsk har òg vore stor dei siste år. Det kan difor ikkje utelukkast større innblanding av torsk enn tidlegare år. Pelagisk Forening meiner difor at stengingskriteriet, 35 kg torsk per 100 tonn lodda, er for strengt. Stengingsregelen må difor endrast.

Erfaring har òg vist at rognlodda ofte står nær kysten. Det er difor viktig å endra regelverket slikt at fjordlinjene ikkje er til hinder for loddefisket.

Bergen: 25.10.21

Pelagisk Forening/
Pelagisk Servicekontor AS



Ask Økland
Advokat



Mariann Frantsen
Dagleg leiar